

Firda 16.05.1963:

## Fylkeskappleiken skal bli årleg.

Som nemnt i førre nr. vart det ei svært vellukka tevling på Byrkjelo laurdagskvelden då fylkeskappleiken i felespel og gamal dans vart tilskipa. Varaformannen i Firda Ungdomslag, Hans Melheim, Olden, leia programmet, og formannen i Byr-

kjelo ungdomslag, Anny Myklebust, ynskte velkomen til Breim. Melheim opplyste m.a. at kappleikane som til no har vore skipa til annakvart år, heretter skal verte årvisse. Han vona at dette ville føre til auka interesse for nasjonalmusikken og folkedansen i fylket, og at også fleire yngre ville kome med.

Av felespelarar var det på denne tevlinga berre to yngre menn, nemleg Erling Kroken frå Hornindal og Petter Elde frå Sandane. Men det var tre i 70-åra, og den eldste var spelemannen Kristoffer Teige frå Skifjord i Hyllestad, som vann si klasse.

Domarar for tevlinga var Torvalv Hjelle, Byrkjelo, Lars Skjerv-

Framh. siste sida.

# Sparebank

Skjapa 1843.

Disjonstid alle yrkedagar

frå kl. 9—14.

## Fylkeskappleiken -

Framh. frå side 1.  
heim, Voss, Samuel Sandnes, Førde, og Ola Haugland, Naustdal N.

Resultatlista for tevlinga:

Hardingfele:

Kl. 1 (20—60 år):

1. premi.

1. Bendik Brynestad, Dale 248 p.
2. Daniel Brynestad, Dale 243 p.
3. Petter Elde, Sandane 236 p.
4. Kornelius Eikenes, Hestenesøyra.

2. premi.

Erling Kroken, Holmedal 222 p.

Kl. 2 (over 60 år):

1. premi.

Kristoffer Teige, Skifjord 232 p.  
Torfinn Låtliere, Naustdal S. 226 p.

2. premi.

P. M. Skrede, Hopland 218 p.  
Samuel Bergset, Blakset 216 p.

3. premi.

Ola Nos, Blakset 198 p.  
Sigurd Bruflot, Naustdal 195 p.  
Einar Espe, Stryn 193 p.

Tysk fele:

Kl. 1 (20—60 år):

1. premi.

Peder Råd, Breim 240 p.  
K. Austrheim, Sandane 240 p.

Kl. 2 (over 60 år):

1. premi.

Per Støyva, Byrkjelo 239 p.

Dans:

1. premi.

Hr. og fru Iversen, Holmed. 171 p.  
Oddbjørg Nesje og Jakob Lavoll, Stryn 169 p.

Hr. og fru Ugulen, Balestr. 163 p.